



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr 3

Sommar 2020

77. årgang



Arbeidslaget i full sving på Austad gamle kyrkegard. Prestfjødd i bakgrunnen.

Frå venstre Ove Austad, Tor Austad Bjørgum, Knut G. Austad og Eystein Greibrokk. Foto: Torhild Austad

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
Austad gamle kyrkegard .....	s. 3–5
Dugnad Sandnes kyrkegard .....	s. 6
Dugnad Årdal kyrkegard.....	s. 7
Bygland bibel- og naturcamp .....	s. 8–9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgja ættarrad, Olsokmesse og Friluftsmesse Austadneset ...	s. 10
Kontaktinformasjon og dagsprogram for Bygland bibel- og naturcamp.....	s. 11
Austad gamle kyrkegard .....	s. 12

# Dei to store boda

## Andakt ved sokneprest Kjell Steinbru

Det ti boda som Moses fekk oppe på Sinai fjell, er kjent stoff for dei fleste. Men da Jesus skulle samanfatte heile loven og boda i ei lita strofe, så vart alle dei ti til to store bod.

Dei boda hadde to retningar. Den eine er i retning Gud: «Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit.»

Det å elske Gud kan nok høyrest temmeleg vidløftig ut. Vi kan jo kanskje strekke oss til å sei at vi elsker den eine vi er aller, aller mest glad i. Men, i alle fall for oss nordmenn, stopper det som regel der.

Jo, vi kan nok også kjenne på at vi er glad i familien vår, og i venene våre. Dei som er foreldre er jo veldig glad i borna sine. Og vi er glad i dei vi elles har som vener, kollegar og naboar. Men å elske Gud? Vanskeleg, ja umogeleg, vil nok mange sei!

### Guds bod er ikkje tunge

Heldigvis har Bibelen ei god forklaring på det å elske Gud. Og det handlar da ikkje om å prøve å få til kjærlege kjensler overfor Gud. I det første av breva som Johannes skreiv står det: «Å elska Gud er å halda hans bod, og hans bod er ikkje tunge».

Jaha. Kva slags bod er det da, kan vi spørje? Dei fleste vil nok meine at det kan vere ganske så vanskeleg å halde alle Guds bod.

I det same 1. Johannes brev står det: Verda forgår med all si lyst, men den som gjer Guds vilje, blir verande til evig tid.

Å halde boda er altså å gjere det som er Guds vilje.

Da Israelfolket fekk de ti boda sa Herren til folket gjennom Moses:

Følg alltid den vegen som Herren dykkar Gud har pålagt dykk å gå! Å følgje Herrens veg i livet, det er altså å elske Gud!

Å gå Herrens veg er å ha med seg ein evighets dimensjon inn i livet.

Lat oss lese frå Peters første brev:

For alle menneske er som gras og all deira prakt som blomen i graset. Graset visnar, og blomen fell av, men Herrens ord varer til evig tid.

Dette ordet er evangeliet som er forkynt for dykk.

### Inn i Guds underfulle lys

Guds vilje med våre liv er altså at vi skal ha

med oss Jesus på vår livsvandring. Vandre i det guddommelege lyset frå Jesus.

Det var Jesus som sa desse mektige orda til oss menneske: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

Det står også noko flott om det lyset vi skal vandre i, i 1. Peters brev:

Han som kalla dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys.

De som før ikkje var eit folk, er no Guds folk. De som før ikkje fann miskunn, har no funne miskunn.

### Den andre retninga

Ja, det var litt om den eine retninga det dobbelte kjærleiksbodet har. Den andre retninga er mot vår neste, mot våre medmenn-eske:

«Du skal elska nesten din som deg sjølv. På desse to boda kviler heile lova og profetane.»

Og det er denne retninga vi skal gå vidare med. For no skal det handle om tilgjeving.

Den største tilgjevinga er det Gud som står for:

Paulus i Kolosserbrevet skriv slik om dette: For han har fria oss ut frå mørkrets makt og ført oss over i riket til Sonen, som han elsker. I han er vi frikjøpte og har fått tilgjeving for syndene.

Den same guddommelege tilgjeving skal vi også møte kvarandre med: Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre, skriv Paulus i Kolosserbrevet. Og med det legg han lista veldig høgt for oss. Ja, så høgt, at det blir heilt uopnåeleg for oss menneske.

Men vi skal likevel ha dette med oss som eit mål og ein standard for våre liv.

### Biskop Tutu

Biskop i Sør-Afrika, Desmond Tutu, var ein av dei mest aktive under overgangen frå apartheid til likestilling mellom folka i Sør-Afrika.

Han sa noko viktig om tilgjeving: «Tilgjeving er med på å lækja dei sår som gjer oss frammande for kvarandre. Av den kristne trua lærer vi å gå Kristi veg. Vi skal tilgje, slik Jesus har tilgjeve oss. Korleis skulle det gå med eit ektepar om dei aldri praktiserte å sei unnskyld, og kvitterte med; eg tilgir deg?»

- Kva for moglegheiter har dette forholdet for å fortsette, spør biskop Tutu og held

fram: «Tilgjeving er å gje andre menneske enda ein sjanse».

### Så dømmar ikkje eg deg heller

Den som ikkje vil tilgi blir fort bærande på nag, uvilje og hat. Men den som vil tilgi kan, ikkje minst for eigen del, legge det vonde bak seg og gå framtida i møte, utan å dra med seg uoppgjorte ting frå fortida vidare.

I møtet med kvina som vart gripen i ekteskapsbrot står det at Jesus skriv i sanden med fingeren. Folket meinte at ho skulle steinast til døde, slik loven sa.

Jesus svarte med dette geniale: Ver så god! «Den av dykk som er utan synd, kan kasta den første steinen på henne.»

Då dei høyrde dette, gjekk dei bort, den eine etter den andre, dei eldste først. Til sist var Jesus att åleine, og kvinna stod framfor han. Då rette han seg opp og sa: «Kvar er dei, kvinne? Var det ingen som dømde deg?» «Nei, Herre, ingen», svارا ho. Då sa Jesus: «Så dømmar ikkje eg deg heller. Gå bort og synd ikkje meir!»

### Martin Luther

Overfor Gud er det ingen skilnad på menneske. Paulus understrekar dette tydeleg når han i Romarbrevet slår fast: «For alle har synda og manglar Guds herlegdom. Men ufortent og av hans nåde blir dei kjende rettferdige, frikjøpte i Kristus Jesus».

Vår kyrkjefader Martin Luther hadde eit prinsipp som han ville alle preiker skulle følgje: Han kan nemleg rundt året 1518 til klårleik i spørsmålet om lov og evangelium. Han skriv om dette: «Da følte eg meg som født på nytt». «Da braut eg igjennom».

Luther kallar dette prinsippet: Eit særdeles herleg lys, som tener til at Guds ord blir retteleg delt og dei heilage profetars og apostlars skrifter riktig forklart og forstått.

Loven dømmar oss som skuldige overfor Gud.

Evangeliet frikjenner oss gjennom frelsa frå vår Herre Jesus Kristus.

Paulus skriv i brevet til Titus om frelsa: «Den som Han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von».

Størst av alt er det at Gud tilgjev oss alle våre synder, så vi kan stå reine og rettferdige overfor Gud, ja himmelen verdig!



# Austad gamle kyrkjegard – eit levande kulturminne

*Tekst og foto: Torhild Austad*

Det begynte for nokre år sidan ein sommarkveld i solnedgangen i tunet på Ækron. Dei låge solstrålene avslørde eit nådeløst behov for stell og vedlikehald av det gamle klokke-tårnet som i mannsaldrar har stått i vêr og vind og ringa jule- og nyttårs-

helga inn for innbyggjarane på Austad og bygdene omkring.

Nokså spontant blei det danna ei "plangruppe" – utan retningslinjer, men med eitt føremål: Å ruste opp den gamle kyrkjegarden med klokke-

tårn og steingjerde slik at han får den verdige statusen han fortener som eit av dei eldste kulturminna i Bygland kommune.

Første prosjektet var utvendig måling, som med god dugnadsinnsats og økonomisk støtte frå kommunen blei unnagjort i ein fei, sommaren 2014.

Vi forstod temmeleg fort at arbeidet vidare ville bli både omfattande og kostbart, og at vi måtte alliere oss med pålitelege økonomiske og faglege instansar.

Kyrkjevevja blei tidleg involvert i planane våre og har saman med Soknerådet vist seg positive til å grave temmeleg djupt i pengesekken. Etter kvart tenkjer vi at der også kan vere støtte å hente hos ulike regionale og statlege instansar.

Men pengar er ikkje alt! Her i kommunen er vi så heldige å ha ein av dei dyktigaste og mest erfarne fagpersonane i landet når det gjeld muring av steingjerde. Tidleg i prosessen tok vi kontakt med Eystein Greibrokk for å knyte til oss den aller beste ekspertisen, og Eystein var positiv til å ta på seg både kurs og rettleiing under arbeidet med å restaurere den gamle kyrkjeborga.

Vi i plangruppa hadde først ei synfaring saman med Eystein, og ut frå dette la vi ein framdriftsplan for arbeidet vidare. Mykje av steingjerdet står framleis trygt og stødig, men "tidas tann" har fare hardhendt fram mot delar av det, og det er desse partia som no skal setjast i stand att.

Dagane 28.–30. mai hadde vi fått tak i ei gruppe på ca 10 interesserte og motiverte menn, nokre kursdel-



*Mange tung tak.*





*Ein pust i bakken må til i blant.*

takarar og eit par "handtlangarar" - slik er no likestillinga på dette området. Under kyndig leiing av Eystein lærde dei seg grunnleggjande teknikkar og utførde eit strålende restaureringsarbeid på den første av dei fire sidene på kyrkjemuren. Kursset starta med ein teoribolk på Ose grendehus der deltakarane blei kjende med ulike typer steingjerde rundt om i landet og nokre grunnleg-

gjande teknikkar. Praten gjekk livleg, og motivasjonen var på topp då murarspirene etterpå tok fatt på oppgåva med spadar, "jinnstaurar" og krafser. Som den røynde fagmannen og gode pedagogen Eystein er, let han to og to jobbe saman og rettleidde undervegs. Kursleiaren sa seg nøgd med innsatsen til deltakarane og var spesielt glad for at fleire ungdomar deltok, og dei kan dermed

vere med å føre denne viktige delen av kulturarven vidare.

Vêret viste seg frå si beste side desse dagane, så varmt var det at karane i blant måtte krype inn til veggen på klokketårnet som gav den einaste skuggen på kyrkjegarden. Etter siste kursdag serverte Knut A. saman med Liv Åsne velsmakande suppe i tunet på Ækron til dei nyslegne murarane – ei perfekt avslutning!

Vi er svært glade for at Eystein har sagt seg viljug til å vidareføre arbeidet med muren, saman med dei kursdeltakarane som har høve til å vere med.

I tillegg til å fullføre kyrkjeborga tenker vi i plangruppa: Andres Helle, Knut A Austad og underteikna, å ruste opp heile kyrkjegarden til eit kulturminne som vil vere verdt eit besøk av alle med kulturhistorisk interesse. Dette vil vi gjere ved å feste kyrkja og kyrkjegarden sin historie til informasjonstavler av ulike slag, både innan- og utandørs. I dette arbeidet kjem vi til å vere takksame for innspel frå dei som måtte sitje på stoff av interesse for eit slikt prosjekt.

#### **Ein liten historisk oversikt**

Første gong ein høyrer Austad kyrkje nemnd, er i dagbøkene til dei pave-



*Tor Austad Bjørgum og Niklos Berg er nøgde med resultatet.*





*Heile arbeidsgjengen samla. Frå venstre: Knut A. Austad, Einar Austad, Andres Helle, Kim Andre Nomeland Thorstensen, Tor A.ustad Bjørgum, Nils Runar Hammer, Eystein Greibrokk, Ove Austad, Knut Olav Uppstad (organisten vår på besøk), Niklos Berg og Knut G. Austad. Gunnar Stubseid var ikkje til stades då biletet blei teke.*

lege sendemennene i 1328, men truleg har der vore kyrkje sidan 1200 talet. Den fyrste kyrkja var ei stavkyrkje som blei riven i 1668. Nokså fort etterpå blei ei ny kyrkje sett opp. Denne kyrkja stod til 1880 då ho etter ein opprivande strid blei flytta til Tveit som ligg om lag midt i soknet.

Det var mange som etter at kyrkja var flutt, ynskte å bruke den gamle kyrkjegarden på Austad. Dette blei ein lang prosess, og først i 1911 innvilga Kyrkje-departementet søknaden. Då måtte kyrkjegarden vigslast på nytt. I dag nyttar mange av familiane på Austad og Heistad denne kyrkjegarden.

Etter som tida gjekk vaks planane fram om å få til eit klokketårn der kyrkja hadde stått – og etterkvart også eit kapell. Hausten 1933 blei klokketårnet, slik det no står, innvigd på Austad gamle kyrkjegard.

Det knyter seg mykje interessant historie og mange soger og segn til den gamle kyrkjegarden. Håvard Hedde fekk grava si her i 1802, det same

gjorde den kjende meisterspelemannen Tarkjel Aslakson Austad i 1875. Segner om Harde-Aslak som sat fanga oppe i kyrkjetårnet etter eit drap han hadde utført eller om han blei drepen av Skjoldmøyane og seinare gravlagd

utanfor kyrkjemuren er vanskelege å etterprøve, men har levd i munnleg tradisjon heilt fram til i dag. Meir stoff knytta til den gamle kyrkjegarden kan ein finne i Bygland Gard og ætt, bind 3, s. 424 – 430 og s. 410 – 419.



*Triveleg avslutning på kurset med suppeservering på Ækron.*



# Dugnad

## på Sandnes kyrkjegard

*Tekst og foto: Susanne Hegenscheidt-Wieden*



*Dugande dugnadsfolk i sving på ein kald mai-dag. Frå venstre Birgit Nordgarden Slotte med borna Tønnes og Håvard, Berit Susanne Nordstrand, Gunnveig Viki, Tor Ole Gautestad, Therese Gautestad, Knut Gakkestad, Torjus Haugen, Olav Øygarden, Liv Elin Berg, Knut Haugen, Tone N.Gakkestad, Jan Robberstad, Ånund Eldhuset, Berit Haugetveit, Barbro Borgi og Knut Haugetveit.*



# Dugnad kyrkjegarden i Grendi

*Tekst og foto: Arve Rauk*



*Klar for dugnad! Anne Bakke smiler i lag med Oddvar Omnes, som er av same årgang som Gråtassen, 1953.*



*Alle fram møtte samla til eit uformelt «plenums møte» for å utveksle meiningar om nyplanting på kyrkjegarden i Grendi. Frå venstre: Arna Greibrokk, Elin Skjevraak, Sigrid Lunden, Sigrid Lislevand, Harald Lislevand, Tor Langerak, Reidun Gudmundson, Roald Rysstad, Einar Gudmundson, Oddvar Omnes, Olav Greibrokk, Magne Rysstad, Anne Bakke, Mikkjel Skjevraak, Turid S. Greibrokk, Gunnar Gautland, Eystein Greibrokk, Kari Aud Svenningsen, Tone Omnes, Dagfinn Lunden.*



# Bibel - og naturcamp'en på KVS Bygland går som planlagt!

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Etter at styresmaktene har opna for samlingar med under 200 personar etter 15.juni , er det klart at Bygland bibel- og naturcamp går som planlagt og i 2020!

I år vert camp'en arrangert frå søndag 5.juli til søndag 12.juli.

Første bibel- og naturcamp vart arrangert i 2003, så no er det 18. gongen med samlast ei veke på vakre Bygland - midt i hjartet av Setesdal, og i dei fagreste omgjevnader ein kan tenkje seg!

På KVS Bygland, der camp'en vert arrangert, er det mykje plass - både inne og ute, noko som kan vera verdt å ta med seg i desse tider.

Ute på det koselege skuletunet har me god plass både til campingvogner, campingbilar og telt, og internatbygga er inndelt slik at dei fleste familiar og einskildpersonar kan få ein eigen del å bu og boltra seg på.

Matsalen er stor og romsleg, og er det fint ver kan me åpna dørene på fram-sida, slik at mange kan sitja ute om dei ønsker det.

Kjøkkenet er nytt og moderne, og med alt det som trengs for å ivareta hygiene, tilbereding og servering av mat på ein god og betryggande måte.

Møtesalen er og stor og romsleg, så alt i alt vil me vera godt førebudde for innrykk av godtfolk frå heile landet.

I år som i fjor vert tidligare frikyrkjepastor Halvard Myhren med oss på kveldsmøtene.

Han har ei spesiell gåve til å formidla Guds ord på ein enkel og kvardagslig måte, samstundes som han raust deler av den store diktsamlinga si.

Fleire tusen dikt har det blitt frå hans penn, og inn i alle livets situasjonar.

Difor vert det ein eigen song- og lyr-ikk-kveld, i år onsdag 8.juli kl.19.30.

Halvard Myhren les egne dikt, våre vener frå det lokale Vonheimkoret på Bygland syng, og Byglands nye organist Knut Olav Uppstad medverkar med flott musikk. Han er ein meister både på piano og orgel, og med sin bakgrunn frå bedehusa i dalen, kjenner han songskatten vår svært godt.

I år er Wigdis Trøim med som hovud-songar. Ho har mellom anna vore misjonær i Spania, er busett på Iveland, og trufast med i flokken på Røyknes bedehus. Ho både syng og spelar svært godt, og har ein eigen evne til å formidla evangeliet gjennom songane sine på ein varm og levande måte.

På Songkvelden på laurdagskvelden får ho mellom anna selskap av Charlie Blacwater, som av Sigmund Groven har fått attesten som ein av dei framste munnspelemusikarane i Europa. Charlie, som har vorte eit kjent og



*På veg til barnemøte.*





*Moro på Elgtun.*

kjært innslag på Bygland, har delteke på ei rekke plateinnspelningar, og kunne heilt sikkert vorte ein verdskjend utøvar på sitt instrument. Istaden ønsker han å æra Gud med musikken sin og med dei rike musikalske gåvene han har fått gjennom trufast deltaking på kristne møter og stemner.

I år er det Roald Evensen som held bibeltimane, Regine Austegard og Pascaline Sagbakken har barnemøtene og Edvard Foss har bibelsamlingar med ungdomane.

Roald Evensen har i ei årrekke reist som forkynnar i Indremisjonsforbundet, og har budd og arbeidd i Finnmark i mange år.

Me gler oss til eit nytt bekjentskap på KVS Bygland!

Som namnet "Bibel- og naturcamp" tilseier har me mange aktivitetar i løpet av veka, og i desse tider vil nok fisketurar og fjellturar i Guds frie natur få ein endå meir sentral plass. Men me satsar og på besøk til Elgtun, gokart-kjøring, og leikar og ballspel på skuletunet. Med andre ord, noko for einkvar smak og for deltakarar i alle aldre.

Fredag 10.juli vert det Misjonsløp til inntekt for KVS Bygland, og kvart

einaste år har dette bidratt til eit godt overskot for skulen etter at camp'en er over.

Med ein god del andre stemne og leirar som i år vert avlyst, er det ein ekstra god grunn til å ta turen til Bygland dette året.

Fleire har allereie sagt at dei kjem, så her er det berre å hiva seg rundt og melda seg på, gjerne for heile veka,

eller for delar av veka slik det måtte passe.

For meir info, sjå gjerne [www.bibelognaturcamp.no](http://www.bibelognaturcamp.no), og meld deg på til telefon 982 99711 eller mail: [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com) allereie no!



*På veg til fjells.*



*Tur til Grøsbu.*





Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

**Facebook:**

www.facebook.com/Byglandskyrkjene/

**Heimesida:** www.kirken.bygland.no

**12.juli. Aposteldagen.**

KVS Bygland kl. 11:00. Gudsteneste på naturcampen ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Lukas 5,1-11. «Peters fiskefangst». Takkoffer: KVS Bygland.

**19. juli. 7. søndag i treeiningstida.**

Austadneset kl.12:00. Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Lukas 15,1-10: «Sauen som vart attfunnen».

**Onsdag 29. juli. Olavsdagen/Olsok.**

Sandnes kapell kl. 18:00. Gudsteneste ved prost Gunnar Ellingsen. Preiketekst: Johannes 12,24-26: «Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn». Takkoffer: Misjonsalliansen (Kyrkjelydens misjonsprosjekt).

**2.august. 9. søndag i treeinings-tida.**

Bygland kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste ved Kristine Borgen. Preiketekst: Romarbrevet 8,31-39: «Håpet om herlegdom». Takkoffer: Kirkens SOS.

**Laurdag 22. august.**

Bygland kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Matteus 23,37-39: «Ver ikkje urolige for morgondagen». Takkoffer: Vonheim Bedehus.

**30. august. 13. søndag i treeinings-tida.**

Årdal kyrkje KL. 11:00. Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Matteus 25,14-30: «Likninga om talentane». Takkoffer: Normisjon.

**Laurdag 5. september.**

Austad kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Matteus 25,14-30: «Likninga om arbeidarane i vingarden». Takkoffer: Misjonsalliansen (Kyrkjelydens misjonsprosjekt).

**13. september. 15. søndag i treeiningstida.**

Sandnes kyrkje kl. 14:00. Gudsteneste ved prost Gunnar Ellingsen. Preiketekst: «Filipperbrevet 1,9-11: «Takk og bøn for forsamlinga».

Takkoffer: Israelsmisjonen.

**27. september. 17. søndag i treeiningstida.**

Sandnes kapell kl. 11:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 11,17-29: «Jesus vekkjer opp Lasarus». Nordmisjonsstevne. Åraksbø Misjonslag. Taler: Ingebjørg Berstad Torp. Takkoffer: Normisjon.

**4. oktober. 18. søndag i treeinings-tida.**

Bygland kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Matteus 8,14-17: «Peters svigermor og andre sjuke». Takkoffer: Bibelselskapet.

**18. oktober. 20. søndag i treeiningstida.**

Årdal kyrkje, kl. 16:00. Gudsteneste med konfirmasjonspresentasjon ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 11,1-5: «Jesus var svært glad i Marta og syster hennar og Lasarus». Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

**1. november. Minnedag.**

Bygland kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 6,37-40: «Eg skal reisa dei opp på den siste dagen». Minnegudsteneste for dei som har gått bort det siste året.

**ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD**



**Dåp**

10. mai. Sandnes kyrkje. Gunnar Haugetveit.

**Døde**

Asbjørn Gautland, fødd 05.03.1929, død 16.04.2020  
Odd Sigvart Hovstad, fødd 02.03.1949, død 02.04.2020  
Gudrun Ljosdal, fødd 15.03.1944, død 10.03.2020  
Vrål Kåsi, fødd 09.04.1935, død 10.06.2020

**Olsokmesse**

*Tekst: Svein Kleivane*

Onsdag 29.juli kl.18.00 vert det Olsokmesse i Sandnes kapell. Prost Gunnar Ellingsen blir med. Olsok er til minne om Olav den Heilage, som nok med tvilsame metoder har fått ettermæle som den som kristna Noreg. Lat oss kome saman i takk, tru og glede over at Noreg blei ein kristen nasjon. Og at det må vare ved. Grill, kaffi og anna moro på odden like ved, etter messa.

**Friluftsmesse Austadneset**

*Tekst: Svein Kleivane*

Sundag 19.07 kl.12.00 vert det Friluftsmesse på Austadneset. Møt opp og opplev forkynning, fellesskap og sosialt samvær. Ta med niste og noko å stikke under bakenden. Sokneprest Kjell Steinbru blir med. Med passeleg vassføring kan du oppleve suset frå Reiårsfossen som lifleg bakgrunnsmusikk. Og sjøve fossen som ei kvit drapering på altertavla i Vår Herres katedral. Ved ulagleg veir: I Sandnes kyrkje til same tid.



# Bygland bibel- og naturcamp på KVS Bygland

## Dagsprogram:

Søndag 5. juli fra mat, kveldsmøte	kl.16.00	Ankomst, innkvartering, kvelds-
Hver dag mandag til fredag:	Kl.08.30	Fleksifrokost
	Kl.09.30	Bønnesamling
	Kl.10.00	Bibeltimer ved Roald Evensen
	Kl.11.30	Turer/utflukter
	Kl.17.00	Middag
	Kl.19.00	Bønnesamling
	Kl.19.30	Kveldsmøter ved Halvard Myhren
Onsdag 8. juli	Kl.19.30	Dikt- og lyrikk- kveld med Halvard Myhren Musikk med Knut Olav Uppstad og sang av Vonheimkoret
Fredag 10. juli	Kl.12.00	MISJONSLØP til inntekt for skolen
Lørdag 11. juli	Kl.19.30	Sangkveld med Wigdis Trøim og Charlie Blackwater
Sønd. 7. juli	Kl.21.00	Grillkveld
	Kl.11.00	Familiegudstjeneste på KVS Bygland
	Kl.13.00	Felles avslutningsmiddag på KVS Bygland



## Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Bygland kommune: .....37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

### Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: .....473 28 472  
E-post:  
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

### Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: .....982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

### Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Arve Rauk  
Mobil: 464 74411  
E-post: arve.rauk@gmail.com

### Nestleiar:

Marit Taksdal  
Mobil: 414 02881  
E-post: taksdal@agder.no

### Tilsette

#### Organist

Britt Haugen .....472 33 165  
Hans Jurgen Wiehe .....915 47 804  
Knut Olav Uppstad (eige firma)  
Mobil: .....400 41041  
Mail: uppstad@gmail.com

### Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad .....948 80 383

### Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. ....462 39056

### Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane .....977 74 321

### Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid .....462 39 056

### Klokkar, Austad

Svein Kleivane .....977 7 4321  
Knut Gakkestad .....948 80 383

### Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) ....975 07034  
Marie Bue (Bygland) .....482 10 259  
Magdalena Bloch  
(Sandnes) .....912 56159  
Therese Gautestad  
(Austad) .....901 94676

### Prostidiakon

Per Emanuelson .....977 19173  
Mail: pe-em@online.no



Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



*Men fint blei det til slutt.  
Foto: Torhild Austad*